

## Frisklivssentral og LMS i VESS-kommuner

### Bakgrunn

Kommunane Etne, Sauda, Suldal og Vindafjord har starta opp eit prosjekt for å sjå på kva områder ein kan samarbeida om interkommunalt for å kunna gje innbyggjarane eit best muleg helsetilbod. Det er til saman sju delprosjekt og eit av desse er prosjekt i helsetorgmodellen.

### Om prosjektet

Dette er eit samhandlingsprosjekt mellom dei fire kommunane, Helse Fonna og Høgskolen Stord/Haugesund. Mandatet er å utreia og beskriva alternative modellar for organisering av tenesta frisklivssentralar og læring og meistringstilbod. Fokus er på dei geografiske og administrative utfordringane som er aktuelle og korleis ny teknologi som t.d. telemedisin og nye organisasjonsformer kan bidra til å oppnå målsettingane.

### Målgruppe

- Personar som har behov for eit frisklivstilbod og / eller lærings- og meistringstilbod.

### Målsetning

- Oppretta frisklivssentralar og lærings- og meistringstilbod
- Etablera interkommunale løysingar når det er formålstenleg
- Ta i bruk ny teknologi som er aktuell og byggja opp gode rammer rundt dette

### Prosjektdeltakarar

- Elisabeth Lunde, fysioterapeut, Etne kommune, leiar av gruppa.
- Arnhild Frøystad, fysioterapeut, Sauda kommune.
- Erik Walter Vold, folkehelsekoordinator, Suldal kommune.
- Gerd Kvamme, hjelpepleiar, Vindafjord kommune.
- Christense Eileraas Ek, funksjonsleiar LMS, Helse Fonna.

### Kontaktpersonar frå FoU - eininga

- Marianne Hauge Wennersberg, leiar FoU samhandling, Høgskulen Stord / Haugesund